



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 4 mars kl 1800

Stad: Akademiet

Desse møtte:

Jarle Nordjordet, Marit Jortveit, Halvor Fehn, Marit Kåsa, Tor Aage Dale

Meldt forfall:

Andre til stades på møtet:

Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet:

Sak 01/19: Referat og meldingar

Sak 02/19: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018

Sak 03/19: Orientering om økonomi

Sak 04/19: Regulering av prisar for 2018

Sak 05/19: Budsjett for 2019

Sak 06/19: Reinsjakta 2019

Sak 07/19: Rjupejakt 2019

Sak 08/19: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Sak 09/19: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Marit Jortveit/s/ Jarle Nordjordet/s/ Halvor Fehn/s/

Marit Kåsa/s/ Tor Aage Dale /s/

Sak 01/19: Referat og meldingar

Saksdokument:

2018.11.29.612.1.Kortanalyse 2018
2018.12.06.035.0.Sluttutbetaling for oppsett av bårnaust(1)
2019.01.22.123.Tenestekjøp Rauland FS 2018
2019.02.14.011.3.HøringsuttalelseNFS1302
2019.02.18.001.5.Invitasjon kvotemøte Telemark 2019

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Referat:

Gjennomgang ved sekretær. Kort utgreiing om høyringa på ny Fjellov.
Kort gjennomgang av kvotemøtet ved Jarle Nordjordet.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 02/18: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018

Saksdokument:

Rekneskap for 2018
Balanse 2018
Årsmelding 2018
Uttale frå leiinga til Telemark kommunerevisjon

Sakssutgreiing:

Rekneskapen for 2018 syner eit underskot på kr 12 472,- Budsjettet for 2018 var gjort opp med 77 250 i minus. Avviket skuldast for ein stor del meir inntekter enn budsjettert på småviltjakt, samt høgare inntekter på reinsjakt.

Rekneskapen er sendt til revisjon, men er ikkje kome attende her enno.
Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang av årsrekneskapen og årsmelding ved sekretær.
Det var ingen merknader til dette.

Vedtak:



Styret godkjenner årsmelding og rekneskap for 2018 med atterhald om revisors godkjenning.

Sak 03/19: Orientering om økonomi

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Økonomien til Rauland FS har ein nøye samanheng med kvotestorleiken på villrein på Hardangervidda. Ein har dei seinare åra hatt relativt store kvotar og derfor stor inntekt. Unntaket er 2018 der kvotane var svært låge. Det har og vore avgjerande for økonomien at ein har hatt avtaler med Ulvik Fjellstyre om kjøp/overføring av kort som kan selgjast til utanbygds. Det er her overskotet og investeringsmidlane til Rauland FS har lege.

Slik det ser ut no er det CWD problematikken som kjem til å vere førande for kvotane i mange år. Allereie i år vil kvoten vere svært stor og ein vil truleg få gode inntekter. Dette kan endre seg når ein ser 3-4 år fram i tid. Det vil vere fornuftig å bygge opp ein buffer, slik at fjellstyret kan møte dårlegare økonomiske tider når kvotane evt går ned. Sakshandsamar rår til å styre mot å ha ein økonomisk buffer på rundt 300 000,-.

Sakshandsamar legg derfor ikkje opp til endring av prisar for 2019 og legg budsjettet fram med få endringar.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

Styret har ikkje merknader til saksutgreiinga og er einige i at ein må ta sikte på ein økonomisk buffer for framtida.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande og stiller seg bak vurderinga om ein økonomisk buffer i tråd med saksutgreiing.

Sak 05/18: Regulering av prisar for 2019

Saksdokument:

Gjeldande prisar



Sakssutgreiing:

Gjeldande prisar for Rauland Fjellstyre:

| Prisar for jakt, fiske og hytteleige Rauland Fjellstyre | | | |
|--|--------|---------------------------|--------|
| pr 01.02.18 | | | |
| Innanbygds | | Utanbygds: | |
| Fiske med stong | Pris | Fiske med stong | Pris |
| Dagskort | 100,- | Dagskort | 100,- |
| Vekekort | 250,- | Vekekort | 250,- |
| Årskort | 500,- | Årskort | 500,- |
| Småviltjakt | | Småviltjakt | |
| Dagskort | 125,- | Dagskort | 250,- |
| Vekekort | 700,- | Vekekort | 1400,- |
| Årskort | 1150,- | Årskort | 2300,- |
| Villreinjakt | | Villreinjakt | |
| Kalv | 600,- | Kalv | 1200,- |
| Simle/Ungdyr | 1600,- | Simle/Ungdyr | 3200,- |
| Fritt dyr | 2400,- | Fritt dyr | 4800,- |
| Hytteleige pr nått/person | | Hytteleige pr nått/person | |
| 100,- | | 200,- | |
| Dagsbesøk | | Dagsbesøk | |
| 20,- | | 20,- | |
| Born under 16 år: | | Born under 16 år: | |
| Gratis hytteleige | | Gratis hytteleige | |
| Garnfiske | | Garnfiske | |
| Innanbygds som betalar for overnatting kan i tillegg fiske med 5 garn med fri maskevidd. | | | |

Prisane vart justerte i 2018 og sakshandsamar legg ikkje opp til endring i 2019.

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre vidarefører gjeldande prisar for 2019

Referat:

Styret har ikkje merknader til gjeldande prisar og stiller seg bak ei vidareføring. Styret diskuterer kva for pris ein skal ha om det berre vert kvote på vaksen bukk. Det vert raskt einigheit om å ha same pris for vaksen bukk som for fritt dyr.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre endrar ikkje prisar for 2019. Vaksen bukk vert likestilt med Fritt dyr og får same pris.

Sak 05/18: Budsjett for 2019

Saksdokument:

Budsjett for 2019

Sakssutgreiing:



Budsjettet er lagt fram med føresetnad om vidareføring av gjeldande prisar og ein kvote på 6000 bukk i 2019. Budsjettet føreset og vidareføring av reglar og prisar for småviltjakt.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret har ikkje merknader til budsjettet slik det vert lagt fram

Vedtak:

Rauland Fjellstyre godkjenner framlagde budsjett for 2019

Sak 06/18: Reinsjakta 2019

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Det vil i dei komande åra vere CWD problematikken som vil vere styrande for kvotane. Dette vil i år føre til eit stort uttak av bukk og ein vil i skrivande stund kunne forvente ein kvote på mellom 5000-7000 bukk. Sansynlegheiten for 7000 er større enn 5000. I budsjettet er 6000 bukk lagt til grunn. Ved ei tildeling på 6000 bukk vil Rauland FS få ca 50 løyve. Det vil og vere god tilgang på kort andre stader. Munnleg har Ulvik FS signalisert at det vil kunne vere interessant å vidareføre tidlegare avtale om samjakt mot overføring av kort. Dei vil og kunne selje kort til Rauland for vidareasal. Sekretær ynskjer fullmakt til å kjøpe inn ekstra kort ut over avtala ein har om samjakt/innbytte jfr kjøp av kort i 2018.

Sakshandsamar vil derfor tilrå at ein på ny opnar for eit avgrensa tal kort til utanbygds i tråd med tidlegare vedtak. Dvs sal av 10% av tilgjengelege kort, både egne og innkjøpte. Dette for å sikre ein god økonomi framover.

Jakttid:

Slik det ser ut i dag kjem Villreinutvalet til å føreslå jaktstart den 10 august. Dette er framleis ikkje avklara og vil heller ikkje vere det før langt ut i april. Sidan det truleg vert ei rein bukkejakt vil det og vere naturleg å avslutte jakta 20 september. Om det kjem ei statleg avgrensing av jakta eller om dette må avgjerast lokalt er framleis ikkje avklara.

Ein vil derfor tilrå at Rauland FS gjer vedtak om å starte jakta på dato bestemt av Nemnda eller Miljødirektoratet og at ein uansett avsluttar jakta den 20 september dersom kvoten blir berre bukk.

Samjakt:

Det har vore samjakt med Rauland JF og Berunuten Vest. Ein må forvente at det i år vert press på alle rettighetshavarar for å få til eit godt uttak med mange prøver.



Ein vil derfor tilrå å vidareføre avtala med Rauland JF som før. Når det gjeld Berunuten Vest er tilrådinga å opne for samjakt frå fyrste dag og ut jakta på alle vekedagar på dei vilkår som tidlegare har vore vedteke.

Dersom styret i Berunuten Vest vedtek noko anna får sekretær fullmakt til å inngå avtale om samjakt frå andre datoar i tråd med vedtak i Berunuten Vest.

Ein tilrår også å vidareføre alle andre reglar for reinsjakt som har vore vedteke tidlegare.

Framlegg til vedtak:

Rauland FS vidarefører reglar som er vedteke tidlegare med unntak opplista under:

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og egne.
2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort.
3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidaresal. Føresetnaden er at Fjellstyret tener på dette.
4. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Rauland JF som før.
5. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Berunuten Vest, men frå fyrste jakttag og ut jakttida sett av Rauland FS. Sekretær får fullmakt til å inngå avtale om samjakt fom annan dato i tråd med vedtak gjort av Berunuten Vest.
6. Rauland FS ynskjer å starte jakta den datoen som vert bestemt av Nemnd/Direktorat og avslutte jakta den 20 september. Dersom det vert gjeve ein kvote på anna enn bukk kan jakta avsluttast til vanleg tid ved utgangen av september.

Vedaket i punkt 1 og 6 er gjort med heimel i Fjellova §§23 og 24

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

1. Det er semje om å vidareføre ordninga med sal av 10% av egne og innkjøpte kort oppad avgrensa av max 10 utanbygds jegerar.

Jarle Nordjordet: ynskjer å sleppe til 15 utanbygds jegerar.

Marit Kåsa: meiner 10 er nok.

Diskusjon rundt talet på jegerar på eigedommen totalt sett. Diskuterar og om ein kan kome tilbake til å auke til 15.

Det kjem fram forslag om å tilby fyrst kort til innanbygds så evt tilby fleire dyr til innanbygds og så sjå kva som evt er att då. Dersom det då er att kort kan fjellstyret vurdere å auke til 15 utanbygds.

2. Fjellstyret ynskjer å vidareføre avtale med Ulvik FS som tidlegare



3. Styret har ikkje merknader
4. styret har ikkje merknader
5. *Marit Kåsa*: ynskjer ikkje samjakt frå fyrste dag, men å behalde som før.
Tor Aage Dale: Føreslår å ha samjakt etter dei fyrste 13 dagane slik at antal dagar med samjakt vert som før dersom ein får tidleg jaktstart.

Kort diskusjon omkring temaet. Styret samlar seg om å vidareføre gjeldande avtale.

6. Presisering av forslag til vedak: Rauland Fjellstyre ynskjer å fylgje den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.

Vedtak:

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og egne, men maksimalt til 10 utanbygds jegerar. Resten av korta tilbys innanbygds. Dersom alle innanbygds får tilbod og ein har att kort tilbyr ein alle innanbygds eit kort til etter trekkingslista. Dersom det likevel er att kort kan fjellstyret velje å tilby fleire kort til utanbygds, men med øvre grense 15 jegerar. Dette gjerast utan vidare vedtak, men etter diskusjon i styret.
2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort.
3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidaresal. Føresetnaden er at Fjellstyret tener på dette.
4. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Rauland JF som før.
5. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Berunuten Vest som før.
6. Rauland Fjellstyre ynskjer å fylgje den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.

Vedaket i punkt 1 og 6 er gjort med heimel i Fjellova §§23 og 24

Samrøystes

Sak 07/18: Rjupejakt 2019

Saksdokument:

Ingen

Sakssutgreiing:

Rjupejakta i 2018 var den fyrste på fleire år etter freding. Fjellstyret vedtok å selje kort til maksimalt 15 jegerar pr dag. I tillegg til årskort.



Det vart totalt felt 58 fugl på Rauland SA i 2018.

Inntrykket er at det var ei god ordning i 2018. det har ikkje kome innspel på problem av noko slag, korkje frå innanbygds eller utanbygds jegerar. Korleis rypebestanden vil utvikle seg er ikkje godt å spå. Det ser i vinter ut til å vere normalt bra med fugl i fjellet og ingenting tilseier at situasjonen frå i fjor har endra seg. Dette vil kunne endre seg dersom ein får ein kald vår med dårleg hekkesuksess, men dette veit ein enno ikkje. Med dei seiste års svingingar i bestanden vil ein tilrå å vere forsiktig med sal av kort også i 2019. Ein vil derfor tilrå å vidareføre ordninga frå 2018 med eit avgrensa sal av kort og med fylgjande fordeling:

Fyrste to vekene vert det lagt ut for sal 15 vekekort kvar veke og ein tilbyr samstundes to årskort for sal.

Etter dei to fyrste vekene vert det lagt ut dagskort med maksimalt 15 jegerar pr dag.

Ein tilrå å starte jakta fredag 20 september og avslutte seiste dag i februar 2020.

Elles vidareførast andre reglar.

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre vidarefører reglar, tider og tilbod som i 2108 i tråd med saksutgreiing.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 23

Referat:

Kort gjennomgang ved sekretær.

Jarle Nordjordet: ynskjer å utvide til fleire jegerar pr dag.

Marit Kåsa: ynskjer ikkje fleire jegerar og ynskjer å utsette jaktstart til 23 september. Meiner det er rett å vere forsiktig med uttak av fugl.

Halvor Fehn: støttar forslaget til Marit.

Marit Kåsa: ynskjer å heller auke talet på årskort 4 dersom ein går for utvida jakt.

Jarle Nordjordet: bør ikkje vere problem å auke uttaket, men stiller seg bak forslaga.

Styret samlar seg om forslaget til Marit Kåsa.

Vedtak:

Styret endrar jaktstart til 23 september 2019 og aukar talet på årskort til 4.

Fyrste to vekene vert det lagt ut for sal 15 vekekort kvar veke og ein tilbyr samstundes fire årskort for sal.

Etter dei to fyrste vekene vert det lagt ut dagskort med maksimalt 15 jegerar pr dag.

Andre reglar og tider vidareførast.

Samrøystes



Sak 08/19: Orientering frå sekretær, aktuelle saker.

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

- Lovutval
- Nytt frå dei andre fjellstyra på HV.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering frå sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 09/18: Eventuelt

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Det kom fram ynskje frå Halvor Fehn om å sjå på mogelegheiten av å kunne erstatte utedoen på Kostveit med eit nytt bygg som og kunne innehalde ved. Lagringskapasiteten på Kostveit er for liten i dag og det er kvart år for lite ved etter jaktslutt.

Styret var positive til forslaget og ynskjer å jobbe vidare med dette.

Vedtak:

Styret ynskjer å sjå på mogelegheiten av å få til eit uthus på Kostveit. Styret og sekretær jobbar vidare med dette mot neste år.

